

## Høyring avlsplan

1. Vektlegging av karakterar. 50 eksteriør, 30 bruksprøver, 10 lynne 10 holdbarhet.  
-ønske om at veterinær i større grad skal setje karakteren på bein. Han har dei på nærsyn, tek på bein og ledd, bøyer bein og ledd, samt ser hesten på heilt plant sementgolv.

Holdbarhet – her meiner vi det ikkje er grunnlag for å setje karakter på holdbarhet til 3 åringar.

Lynne – tykkjer positiv med testløypa som er etter lausmønstringa. Vi trur at her får vi testa korleis hesten reagerar når den vert utsett for uforutsette ting, og utan tryggleik/respektredsle frå handterar.

Bruksprøve – vi ønskjer evaluering av dømming av bruksprøver. Meir klåre retningslinjer, mindre bruk av skjønn, som opnar for «trynefaktor» mindre vekting av kusen sin framtrede, korleis ein held taumane seier ingenting om arvegrada til hesten.

Vi ønskjer inn veterinærundersøking på hopper også. Større kostnad men det kan avdekke og kartleggje haldbarheit, bein og lynne i større grad. Og kvalitetssikre dømminga.

2. Er bruksprøvene tilfredsstillande? Slik dei er i dag? Kva fortel dei om arvbarheit og miljøpåverknad?  
Sjå punkt over. Mindre dømming av kusk, meir dømming på hesten sine eigenskapar. Vi meiner det kan vere aktuelt å heve grensa for godkjend prøve til 30 poeng. Vi ønskjer meir standardisering av utforming av ei køyreprøvløype/banee. Då veit utstillar kva ein har i vente, og all karaktersetjing vert basert på lik vanskegrad uansett kvar ein er på utstilling i landet. Bruksprøve 3års hingstar skal være godkjent/ikkje godkjent.
3. Travprøve  
vi stiller oss positive til det. Her får vi sjå litt av bruksegenskapar til hesten, framdrift og bevegelse.
4. Innspel til kriterie til sløyfe/premiering  
ekstrasløyfe 3 års merr skal vere av god kvalitet, slik at det siktar mot 2. premie. Statusheving på 2. premie og vesentleg statusheving av 1. premie. Ønskjer ikkje at det skal kunne oppnåast 1 premie allereie som 4 åring. Vi vil få sjå hestane att seinare, for å syne til holdbarheit, reproduksjonsevne
5. Avteikn  
ikkje godkjent med kvite avteikn. Heller ikkje på hopper.
6. Retningslinje for import av sæd frå utlandet.

Skal vere kåra i noreg. For å kvalitetssikre avlen. Globale avlsmål er særst langt fram i tid dersom det er eit mål. Eit døme: hingst med avteikn vert seld til utlandet, den vert kåra, du importerer sæd tilbake til noreg. Då er ein like langt. Då vert ikkje vår eigen avlsplan verdt mykje, så lenge det fins slike smutthol.

Generelle ting å ta opp:

Krav om mankehøgde bør vere begrensa innanfor to gitte høgder. Til dømes: den *skal* vere mellom 135 og 155, ikkje BØR vere mellom 135 og 155.

Dersom hestar vert premierte med bakgrunn av vektlegging av stamme i avlsutvalet, bør dette opplysast under utstillinga/i kataloga. Dette gjeld også andre særskilde grunnar, som til dømes godkjenning av sjeldne fargar. Td. Gulblakke.

Meir presisering, «samla låg vurdering» gjev lite forklarande opplysningar om kvifor hesten ikkje vert med. Trekk heller godt på det/dei momenta som er aktuelle.

Det bør vere offentleg kvifor hingstar som går ut frå utvida bruksprøve, går ut. Det vil spare eigar for store belastningar med rykte og snakk heile den flotte utstillingshelga. Det vert murring blant publikum og hingsten er meldt inn og komen til ei offentleg utstilling. Då må det vere offentleg kva som skjer. Rykte er uheldig dersom dei inneheld uriktig informasjon, og det er svært øydeleggjande ei slik helg når alle er samla.

Nordfjord fjordhestlag

## Uttale til avlsplanen frå Nordre Sunnmøre Fjordhestlag.

1. Vi ønsker at fjordhesten skal bli ein enda bedre brukshest, difor vel vi å auke vektinga av denne eigenskapen.

- Eksteriør 40 %
- Brukseigenskapar 40 %
- Lynne 12 %
- Holdbarheit 8 %

2. Det må vere ei målsetting å arbeide for at bruksprøvene skal bli enda bedre enn dei er i dag. Ein kan ikkje vere for streng med 3-åringane men dei må kunne gjennomføre ei bruksprøve som er godt tilrettelagt for yngre hestar. Det må vere eit krav at hesten går godt både framover og bakover. Den må også kunne halde vogn i oppover- og nedoverbakke. Dei andre momenta i dagens bruksprøve kan behaldast. Vi tenker dette skal gjelde både for hingstar og hopper. Når det gjeld eldre individ må ein gjerne stille strengare krav. Vektlegginga blir difor 40 %.

I dag er det vanskeleg å lese arvbarheit og miljøpåverknad. Skulle ein få det til måtte ein gi alle individ like rammevilkår i oppveksten, noko som vil vere umuleg å ha som målsetting. Ein må ha ei gradering som går utifrå ein poengskala, som då gir ei breiare vurdering enn godkjent/ ikkje godkjent.

3. Travprøve for 3 års hingstar bør absolutt innførast igjen, gjerne som ein del av bruksprøva. Prøva må gjennomførast innan ei litt romsleg idealtid, og framdrift og gode bevegelser må vektleggast. Det må vere ope for å kunne bruke framand kusk. Ta gjerne vekk lausmønstringa, den fungerer ikkje godt idag, for hingstar som slepp laus i ridehall for første gong. Dei «rasar rundt i galopp utan mål og meining».

4. Viktigast for premiering av individa, er at dommarane brukar avlsplan som sin bibel. Det må vere tydeleg samanheng mellom tal og kommentar. Graden godkjent kan godt takast bort. Ekstrasløyfe gis til 2 og 3 års unghopper, men då må alle karakterane vere 8 eller meir. Førstepremie og elite må det ikkje gå inflasjon i å dele ut.

5. Ingen avteikn kan godtakast på fjordhest, det må ikkje vere rom for synsing. For hoppene må ein ha ein overgangsperiode, kanskje heilt opp mot 10-12 år.

6. Utanlandske hingstar må minimum ha gjennomført samme testar som norske kåra/ premierte hingstar. Noreg som «The Motherland of the Fjord Horse» kan bestemme korleis vi vil ha fjordhesten.

Lykke til vidare med arbeidet!

Vennleg helsing  
Nordre Sunnmøre Fjordhestlag  
Oddmund Urke  
leiar

## Innspel til avlsplanen

Eid Fjordhestlag hadde kalla inn til medlemsmøte for å diskutere dei seks punkta som er ute på høyring. Vi hadde gode diskusjonar kring alle punkta, der ulike synspunkt kom fram. I innspelet frå laget får vi naturleg nok ikkje med alle desse, men vi har samanfatta det viktigaste av det som vart diskutert på kvart punkt.

1. *Vurder vektinga av eigenskapar i avlsmålet. I dag har vi denne vektlegginga:*

- *Eksteriør 50 %*
- *Bruksegenskapar 30 %*
- *Lynne 10 %*
- *Holdbarheit 10 %*

Eit forslag som kom fram på møtet vårt var om det kunne vere eit alternativ å vekte dei fire punkta ulikt, etter kva alder det er på hesten? Dette gjeld først og fremst hingstane. Vi meiner det er feil at bruksegenskapar får ei så stor vekting når dei er tre år, sidan det er noko bygrensa kor mykje ein får sett av hesten sine bruksegenskapar slik det er i dag. Når dei er fire år blir dei grundigare testa i bruksegenskapar, og då er det meir rett å ha ei slik vekting av dei ulike eigenskapane.

Det vart også diskutert om ein bør ha ulik vekting på hopper og hingstar, sidan dei har ulike vurderingsgrunnlag på til dømes bruksegenskapar. Slik det er i dag har hingstane eit meir omfattande opplegg for bruksprøvene, og det kan derfor kanskje vere naturleg å ha ei ulik vekting.

2. *Er bruksprøvene tilfredstillande slik dei er i dag? Kva fortel dei om arvbarheit og miljøpåverknad? 30 % vektlegging (som no)? Godkjent/ikkje godkjent?*

Slik bruksprøvene for 3 års hingstar og hopper er i dag, meiner vi det i altfor stor grad er ei bedømming av kusken. Dei fortel lite om arvbarheit, anna enn at ein ser om den er trygg for vogna, noko som er eit veldig viktig element. Men slik køyreprøva blir bedømt er det i stor grad miljø som avgjer om hesten får topp resultat eller ikkje. Kanskje det kunne vore ein idé å innføre godkjent/ikkje godkjent, og heller ha ein flott premie i tillegg til beste kusk? Ein annan ting som eit samrøystes møte meiner bør gjerast noko med, er tyngda på 4-hjulsvogna som hingstane dreg. Poenget med køyreprøva er å sjå om hesten er trygg framfor vogna, om den er samarbeidsvillig og korleis den bevegar seg. Det er verkar difor lite hensiktsmessig at dei skal trekke ei tung vogn, dette gjer at mange hestar blir trenar for tungt i ung alder. Vi foreslår at den lettaste vogna skal brukast til alle, utan ekstra vekt i den. I tillegg ønska fleirtalet på møtet at ein i tillegg skal ta inn igjen omspenning til 2-hjulsvogn, slik det var nokre år. På den måten får vi sett røslene i trav betre, sidan hestane får bevege seg friare med ei lettare vogn der dei ikkje går i trekk. I tillegg får ein sett for- og fråspenning ein ekstra gong.

Vi har tidlegare spelt inn tanken om eit anna moment som også kan vere aktuelt å ha med i staden for/i tillegg til lausmønstring, og det er longering. Då får ein sett hesten bevege segg fritt, men samstundes i gjevne rammer. Ein får sett alle tre gangartane på eit voltespor, noko som også viser hesten si evne til å balansere seg og regulere seg. Sidan hesten går i line får ein også sett om den er lydig og samarbeidsvillig.

Det vart også peika på noko som eigentleg gjeld både for punkt 1 og 2, og det er at lynne er noko som er viktig å legge vekt på, men det er kanskje noko som er vanskeleg å vurdere. For å få ein best mogleg observasjon av lynne til hestane, er det eigentleg noko som bør gjerast over tid. Dette er kanskje det største minuset med at hestane ikkje lenger er inne til utvida bruksprøve. Det vart også stilt spørsmål om ein klarte å skilje mellom gemytt og lynne når hestane vart vurdert på dette under utstillinga.

Sjå punktet ovanfor angående vektlegging.

Vi fekk også informasjon frå Anne-Karin Løken at bruksprøvene er under revidering, og vi reknar derfor med at det kjem ein ny høyringsrunde når dette er klart.

### *3. Kan det vere aktuelt å innføre travprøve for 3 års hingstar ?*

Eid Fjordhestlag ser ingen gode argument for å gjeninnføre travprøva. Den er fin å ha som ei showklasse, men sidan fjordhesten ikkje er avla for å vere ein ponnitravar er det ikkje naturleg å ha ei travprøve som ein del av vurderingsgrunnlaget for 3 års hingstar.

### *4. Kom med innspel til kriteria for sløyfe, ekstrasløyfe, G, 3.,2. og 1. premie.*

Vi meiner at det ikkje skal leggest fast føringar i form av kva karakterar hesten må oppnå for å kvalifisere for dei ulike premiegradene.

Ein ting Eid Fjordhestlag ønskjer skal takast opp til vurdering er om det er riktig at hestane kan bli ferdig premierte som fireåringar. Ein stor del av dei som deltok på møtet var samde i at det er for tidleg å kunne oppnå 1.premie når hesten er fire år. Ein 1.premie skal henge svært høgt. Vi tenkjer i første rekke på hingstane, og vi meiner at det ikkje burde vere mogleg å oppnå 1. premie før hingsten er åtte år. Slik vi ser det er det mange gode argument for å gjeninnføre obligatorisk oppmøte som åtteåringar.

- Dei fleste hestar er ikkje ferdige som fireåringar. Det er difor interessant å kalle dei inn igjen når dei er åtte for å sjå korleis dei er når dei er heilt ferdig utvaksne.
- Ein får ein peikepinn på haldbarheit.
- Ein får eit betre vurderingsgrunnlag på bruksegenskapar sidan hesten har hatt moglegheit til å vise seg fram på konkurransebana.
- Det er ein fin måte å få vise fram dei eldre hingstane.
- Det er ein stimulans til hingstehaldarane sine for å halde i hingstane i bruk og trening.
- Ein får fleire dyr på utstilling, noko som er viktig for å holde oppe interessa for utstillingane.

### *5. Kva kan godtakast av avteikn på Fjordhest? Kom gjerne med konkrete skildringar.*

Det kom fram ulike synspunkt kring kva ein skal godta og ikkje av avteikn. Nokre meinte at reglane for avteikn er inkonsekvente slik dei er i dag, og at ein burde enten tillate avteikn både på i hovudet og på høvene, eller ikkje tillate avteikn i det heile. Andre igjen meinte at vi har ein så liten bestand av rasen no at vi ikkje har råd til å ha så strenge reglar som vi har i dag, og

at ein bør gå mot ei moderering av reglane. Medan størsteparten av forsamlinga meinte at ein ikkje burde tillate meir enn det som er godkjent i dag.

*6. Kva retningslinjer er ønskelege for import av sæd frå utanlandske hingstar?*

Sidan det er tillat å bedekke hoppa si i utlandet, og deretter få godkjent avkommet, bør det diskuterast om ikkje dette bør gjelde for hopper som er inseminerte av sæd frå utanlandske hingstar.

Vi veit at det har vore jobba for å få til ein felles avlsplan for alle land som driv med oppdrett av fjordhest, og om ein hadde lukkast med å få til dette arbeidet, hadde det vore i alle fall litt enklare å handtere denne problemstillinga.

Det kan uansett vere lurt at det ikkje blir opna fritt opp for import av sæd, men at ein må få ei form for godkjenning først.

Beste helsing

Styret i Eid Fjordhestlag

Ytre Sunnhordland Fjordhestlag  
v/Reinert Skumsnes  
Schouterrassen 32  
0573 Oslo

Norges Fjordhestlag  
v/avslutvalet

Oslo, 17.01.2015

## Høyringsinnspel til revidering av avlsplan for fjordhest

Ytre Sunnhordland Fjordhestlag har gått gjennom avlsplanen slik den føreligg i dag. I det store og heile er me godt nøgd med det som står i avlsplanen. Når me no likevel kjem med innspel er det med utgangspunkt i spørsmål utforma av avslutvalet.

1. Med utgangspunkt i dagens avlsplan føreslår me berre mindre endringar i vektinga av eigenskapar: Eksteriør 50%, Brukseigenskapar 20 %, Lynne 20%, Holdbarheit 10%.
2. Test er blitt betre, men viktig at nivå på framandrytter/-kusk er høg slik at ein i større grad kan få ut det beste av hestane. Ein ynskjer 'testing' av hingstane som ikkje krev bestemt skoloring i forkant, med fokus på samarbeidsvilje, potensiale og rørsler (dvs. ikkje fokus på form og bestemte øvingar). Det er likevel viktig at ein stimulerer til at hingstar kjem førebudd: dette spelar uansett ei vesentlig rolle for utfall.

Vanlige prøvar er greie som dei er, men det er problematisk at dommarar har ulik praksis, det vera seg vektlegging av eigenskapar og bruk av poengskala. Det er difor viktig at ein har fokus på kvalitet og 'kalibrering' av bruksprøvedommarar i tida framover. Ein ynskjer ei meir forutsigbar og strømlinjeforma vurdering.

Dette med arv og miljø i høve til brukseigenskapar engasjerer, og me brukar mykje tid på å diskutere dette: Det me veit med sikkerheit er at kusk, rytter og andre miljøfaktorar spelar ei stor, og om ikkje avgjerande rolle. Vidare veit me for lite om biologisk nedarving av brukseigenskapar til å vekte dette for mykje.

Fleirtalet går inn for godkjent/ikkje godkjent bruksprøve. Ein føreslår difor å endre vektinga av eigenskapar i avlsmålet: Eksteriør 60%, Lynne 20%, Holdbarheit 20%, Brukseigenskapar godkjent/ikkje godkjent.

Kommentar: Me ser lynne og holdbarheit som viktig, men stiller spørsmålsteikn ved om det er formålstenleg å alltid vurdere desse



eigenskapane: Lynne (evt. ro og evne til samarbeid) bør vurderast under test/bruksprøvar. Holdbarheit bør vurderast når hest er av ein viss alder.

3. Når det gjeld eventuell innføring av travprøve for 3 årshingstar stillar ein spørsmål ved formål: ein ser frie rørsler under lausvisning, og rørsler under rytting og kusk i eksisterande bruksprøvar. Dersom ynskje er å sjå meir trav, føreslår me at ein legg opp til meir trav under aktuelle bruksprøvar.

Dersom ein meiner travprøve har ein viss showverdi, kan ein eventuelt innføre frivillig travprøve, men då sjølvstilt utan vektning i avlsmålet.

4. Dagens kriteriar for sløyfe, ekstrasløyfe, G, 3., 2. og 1. premie fungerer godt. Me diskuterer kor vidt kriteriar bør vera klarare, men landar på at det er problematisk, og gjerne verkar mot sin hensikt, å innføre 'låste krav' til dei ulike premiegradene.
5. Når det gjeld avteikn, er me i all hovudsak nøgd med det som står i avlsplanen. Likevel: sidan ein har spesifisert avteikn på bein, bør ein også spesifisere kor stor stjerne som akseptert på hopper. Me undrar oss også over krav til symmetriske lyse spalter: er dette logisk? Er det faglig fundert?
6. Dersom ein skal kunne bruke sæd frå utanlandsk hingst, må denne vera godkjent for avl i heimland, og ha godt eksteriør. Avlsråd må også godkjenne (i forkant) for at avkom skal få raudt pass. Vidare vil me oppfordre til meir samarbeid med naboland for å få likare/meir samkøyrd avlsmål.

Lykke til med utarbeiding av utkast til ny avlsplan!

Beste helsing,  
Ytre Sunnhordland Fjordhestlag

Norges Fjordhestlag

avlsutvalet

Fylkes-/distrikts- og lokallag

### **Revidering av avlsplan for Fjordhest**

Arbeidet som vart gjort med avlsplanen for Fjordhest i slutten av 2014 og fyrste halvår av 2015, var ei tilpassing til det nye regelverket etter at det vart offentleggjort at kåringslova skulle falle bort 01.01.15. Det var ingen fullstendig revisjon av avlsplanen med justering av detaljar (som til dømes vektning av eigenskapar, raseskildring, bruksprøver o.l.). No er tida inne for å starte prosessen med ein fullstendig revisjon av avlsplanen. Nytt utkast skal vere klart for oversending til Norsk Hestesenter og Mattilsynet 01.10.2016.

Avlsutvalet ønskjer ein høyringsprosess der medlemane får gode høve til å kome med innspel. Som utgangspunkt sender vi ut nokre aktuelle og sentrale spørsmål. Svar på desse vil gje oss godt grunnlag for det vidare arbeidet. Samstundes håpar vi òg at medlemane kjem med innspel på andre punkt i avlsplanen som dei meiner bør endrast.

Høyringsfristen er sett til 20.02.2016. Arbeidsgruppa utarbeider eit framlegg etter å ha gått gjennom innkomne innspel frå fylkes-, distrikts- og lokallag. Styret i Norges Fjordhestlag vil presentere dette framlegget som orienteringssak på årsmøtet i mai, før det ev. vert gjort ytterlegare justeringar. Den reviderte avlsplanen skal gjelde frå og med 2017.

Innspela sendast til [post@norsk-fjordhestsenter.no](mailto:post@norsk-fjordhestsenter.no)

### **Her er nokre aktuelle emne/spørsmål som vi ønskjer tilbakemelding på:**

#### **1) Vurder vektninga av eigenskapar i avlsmålet. I dag har vi denne vektlegginga:**

Eksteriør	50%
Brukseigenskapar	30 %
Lynne	10 %
Holdbarheit	10 %

Kva som er Fjordhest er det individet vi ser, med dei variasjonane som er innad i rasen. Jølster Fjordhestlag ynskjer inga endring av dagens % fordelingar.

**2) Er bruksprøvene tilfredstillande slik dei er i dag? Kva fortel dei om arvbarheit og miljøpåverknad? 30 % vektlegging (som no)? Godkjent/ikkje godkjent?**

Bruksprøvene i dag fortel vel mest om miljøpåverknad. Godkjent eller ikkje godkjent bør vere nok, men karakterskala kan godt brukast. Bør gjelde for både hopper og hingstar. Dagens køyreprøve på hopper er ikkje samanliknbar pga ulike arenaer og dommarar. Ein må få til tilnærma like baner på hopper og hingstar. Momenta må vere like uavhengig av kjønn. Dommarane må kalibrerast på dette, og har arrangøren ei god løype må arrangør få bestemme kor prøvene skal gå. Å ha ei køyreprøve på ei tilnærma flat travbane er ikkje godt nok, når det ligg flott naturleg område litt lengre unna. Kanskje nokre bruksprøvedommarar treng avløyning...

Er hesten køyrbar = godkjent, ikkje køyrbar = ikkje godkjent.

**3) Kan det vere aktuelt å innføre travprøve for 3 års hingstar ?**

I dagens test inngår 9 moment. Kvifor ikkje travprøve og? Jølster Fjordhestlag meiner travprøva er eit godt moment for å vurdere arbeidsvilje og kor kvikk/arbeidslysten hesten er.

**4) Kom med innspel til kriteria for sløyfe, ekstrasløyfe, G, 3.,2. og 1. premie.**

Jølster Fjordhestlag vil ha desse kriteria:

9 i heilskap - 1 premie hp/hg - Sløyfa unghest + ekstrasløyfe

8 i heilskap - 2 premie hp/hg - Sløyfa unghest + ekstrasløyfe

7 i heilskap - 3 premie hp/hg - Sløyfa unghest

6 i heilskap - G premie hp - Sløyfa unghest (kun hopper)

Bruk av skjønn for tildeling av ekstrasløyfe må ikkje forekomme, då får dommarane heller trekke ein halv karakter slik det ikkje vert 8 i heilheit.

**5) Kva kan godtakast av avteikn på Fjordhest? Kom gjerne med konkrete skildringar.**

Fjordhesten skal ikkje ha avteikn utover dei primitive. Dei dukkar plutselig opp, og er vanskeleg å styre. Men, rau og gulblakk må få lov å ha lyse høver om det er likt på alle 4 bein, vi tykkjer ikkje graden av lyst skal vere avgjerande for 4 eller 8 i type. Når det gjeld stjerne meiner vi som før innsendt svar at dette ikkje er ynskjeleg. Avteikna må skrivast i stambok, uansett kor dei er.

**6) Kva retningslinjer er ønskjelege for import av sæd frå utanlandske hingstar?**

I vedteken avlsplan 2015 vart semin likestillt med transport av hoppe ved bruk av utenlandsk hingst. Ein ville kanskje tru at 2015 då vart eit år der import av sæd ville konkurrere ut norske hingstar, dette har synt seg å ikkje verte. Det er kostbart å importere, drektighetsprosenten ser ut til å vere lågare ved semin. Mattilsynet hadde i si konsekvensutgreiing dette oppe, der dei konkluderer med at det er dyrevelferdsmessig riktig å kunne bruke semin framfor transport av hoppe over lange avstandar.

### **Elles syn på avlsplan:**

6.,1,5 Vektlegging av stamme, lista for å kåre hingstar med spesiell stamme må leggast lågare. I dagens avlsplan er det avlsutvalet som avgjer kva som er spesielt. Avlsutvalet må kunne brukast av avlarane i slike høve. Det nye programmet til Norsk Hestesenter, EVA, vil vere til god nytte ved bruk for slikt utval.

### **6,2,2 Overbein. Dette punktet høyrer vel til under punkt 5,1,1 Eksterior III Bein**

Gjelder alle stilte hestar. Presisering for dommere på utstilling. Det synes tilfeldig fra dommer til dommer om de trekker for overbein. I dette punktet står det ganske klart om det skal trekkes eller ikkje. Korleis overbeina er plassert, og elles beinstilling. Bein forandrar seg og lite etter 2 års alder, kanskje skulle karkater sett på fyrste utstilling gjelde ut livet?

### **Karaktersetting på utstilling:**

Ein må satse på ei lik dømning over heile landet, dommarane må kalibrerast og ikkje minst kunne avlsplanen!

Når det gjeld karaktersetting synes vi ein skal sjå til Danmark der ein har fleir delkarakterar på hesten. Det vil verte lettare for dommarane å dømme berre ein og ein del av hesten. Det vil og verte enklare for eigar å velge rett hingst til hoppa om karakterane vert så synlege. Mykje godt kan ligge i ein god kroppsbygnad/muskulatur karakter, men kva med det dårlege, det vert skreve kommentarar i dag, men ikkje alle er like flinke til å få alt med.

Eksempel på inndeling med karaktersetting

9876 87 678 8, dei fire første tala handlar om type og kropp, dei neste to om fundament, så 3 om bevegelse og helheten er den siste. Tar vi dei ein etter ein, så ser det slik ut:

9-tallet er gitt for type og preg

8-tallet er gitt for hovud og hals

7-tallet for skulder og manke

6-tallet for overlinje og bakpart.

Så er der det to fundamentskarakterer.

8 er gitt for forlemmer

7 for baklemmer

De tre bevegelseskaraktene gir seg selv.

6 for skritt

7 for trav

8 for galopp

Og endelig helhetskarakteren.

**På hingsteutstilling skal ein ikkje settje begrensing på antall kåra hingstar. Vi vil og gjeninføre plikt til å vise hingstar over 8 år, fordi vi som avlar då kan sjå kor haldbar hingsten er. Den kan gjerne visast i open klasse.**

Beste helsing

Jølster Fjordhestlag

Toril Øvrebø - leiar

---

**Emne:**

Revidering av avlsplan

Hei!

Sykkylven Fjordhestlag stiller seg bak innspelet frå Møre og Romsdal Fjordhestlag i høve revidering av avlsplanen for Fjordhest.

Med helsing  
Harald Rogne  
leiar

# Revidering av avlsplan for fjordhest.

---

Innspel frå Ørsta og Volda Fjordhestlag & Indre Nordmør Fjordhestlag.

## 1. Vekting av eigenskapar i avlsmålet:

Vi vil ha ulik vekting i dei forskjellige klassene,

- Klasse 3 : Eksteriør: 60%, Brukseigenskap: 10%, Lynne: 20%, Haldbarheit: 10%
- Klasse 2a: Eksteriør: 50%, Brukseigenskap: 20%, Lynne: 20%, Haldbarheit: 10%
- Klasse 7 : Eksteriør: 50%, Brukseigenskap: 20%, Lynne: 20%, Haldbarheit: 10%

Viktig for fjordhesten å ta vare på den unike utsjånaden og det gode lynne.

## 2. Er bruksprøvene tilfredsstillande slik dei er i dag.

- Vil ha tilbake rygging i bruksprøvene og fjerne holt i 10 sekund og holt i bakkeprøva. På grunn av at det er hardt for ein våryr treårshingst å stå i ro så lenge.
- Ved for/fråspenning skal det vere tomt for hest i området rundt.
- Utvida bruksprøve kan bestå av tre moment: riding, lausmønstring og arbeidskøyring anten med ukjent/kjent kusk/rytter.

### 2 b. Kva fortell prøva om arvbarheit og miljøpåverknad.

- Rørsle og lynne vil vise seg igjen i prøva.
- Miljøpåverknaden spelar også inn.
  - Kusken
  - Systemet rundt utstillinga

### 2 c. Godkjent/ikkje godkjent bruksprøve

- Bruksprøvekarakterar skal fortsatt bestå.
- Vi vil at bruksprøva skal gjerast litt lettare(punkt over), medan dei heller kan testast meir som fireåringar på arbeidskøyring.
- Vise at du har ein god brukshest, sjølv om han ikkje blir kåra. (kan påverke salet.)

- Stor forskjell på dei som har fått godkjent. Får ikkje lønn for arbeidet, ein kan risikere at nokre «nedprioriterer» køyringa med mål om kun godkjent.
- Meir vektlegging på eksteriør? Når det står mellom to hingstar eksteriørmessig, blir bruksegenskapen brukt til å skilje hestane.

### 3. Travprøve

- Eit alternativ kan vere travprøve utan tid og krav til utstyr.
- Fordelen er at du får sjå framdrifta og bevegelsane.
- Kanskje nokre vegrar seg litt.

Her var det stor usemje i gruppa dei unge er imot, dei eldre for ☺

### 4. Kriteria for sløyfe, ekstrasløyfe, G, premiering

- Godkjent bør strykast.
- Ekstrasløyfe må ha 40 poeng der type og preg ikkje kan vere under 8, berre ein einskildskarakterar kan vere 7.
- 1. premie må vekk frå 4 års hingstar og hopper. Hopper og hingstar må visast igjen som 6 åringar eller eldre for å kunne få 1. premie. Hingstar blir kalla inn til avlsvurdering når dei er 8 år. Dei kan behalde premiering sjølv om dei blir tatt ut av avlen.
- 1. premie må ha minst 9 på «rasetype og preg» og 9 i heilheit.
- 2. premie kan ikkje ha under 8 i einskildskarakterar.
- 3. premie må ha 7 i heilheit.

### 5. Kva kan godtakast av avteikn?

- Avteikn godkjennast verken på hopper eller hingstar.

### 6. Retningslinjer for import av sæd frå utanlandske hingstar:

- Viss ein skal importere sæd frå hingstar i utlandet må importøren søke raseorganisasjonen om godkjenning.
- Hingstane bør ha tilsvarande godkjenning som vi har i Norge og aller helst bør ein el. fleire frå den norske kåringsnemda vore med på kåringa.

## Generelt om avlsplanen



- Avlsplanen punkt 6.3.3 seier at hingstar skal testast på utvida bruksprøve med lettvogn – ikkje maratonvogn. Då kan det vere opp til eigar om kva sele/vogn ein vil stille med.

Mvh.

Ørsta og Volda Fjordhestlag v/ Lisbeth Mo Myklebust

Indre Nordmør Fjordhestlag v/Nils Haugen

**Emne:**

Fw: Innspe frå Dalane Fjordhestlagl, revisjon av avlsplan for fjordhest

---

**From:** Åse Helene <aaseravn@hotmail.com>

**Sent:** Saturday, February 20, 2016 10:20 PM

**To:** Anbjørg Ueland

**Subject:** Innspe frå Dalane Fjordhestlagl, revisjon av avlsplan for fjordhest

Til Norges Fjordhestlags arbeidsgruppe

Hei!

Håpar det er greitt at eg skriv innspelet frå Dalane Fjordhestlag direkte inn her på mailen min, har diverre litt problem med nett-tilgangen på den datamaskinen det er Word på og klarer difor ikkje sende vedlegg.

Helsing Åse Ravndal

**REVISJON AV AVLSPLAN FOR FJORDHEST,  
INNSPEL FRÅ DALANE FJORDHESTLAG**

Her svar på dei aktuelle emna/spørsmåla:

1. Som i dag.

2 a. Ok. som i dag, men på køyreprøva ynskjer me å ta bort diskvalifikasjonen dersom hesten ikkje går i draga. Heller lågare poengsum. Presisjon: Både høge og låge drag må vera tilgjengelege på utstillingane.

b. For hopper: Som i dag, obligatorisk køyreprøve. Ynskjer i tillegg obligatorisk lausmønstring/rideprøve, dette for betre å få synt fram gangartane, spesielt galoppen.

c. Lynnekarakter har gitt forbetring over tid (arvbart), men miljøet vil alltid ha ein viss påvrknad, noko som kan slå ut både positivt eller negativt.

d. Ynskjer talkarakterar, som nå.

3. Ynskjer ikkje travprøve for treårs hingstar. Treåringane er for unge og er ikkje klare til såpass hardt arbeid. Men, vil gjerne ha travprøva inn att, nå som eit moment i dei utvida bruksprøvane for fireåringane, utan tidtaking.

**4. Sløyfer og premiering:** Ekstrasløyfe: Kun til individ med rein 8-rekke.

Ved 2. pr. som treårs: Kun til individ med rein 8-rekke pluss minimum ein 9-ar.

Ved 2. pr. som fireårs: Maks ein sjuar, resten høgare,

Ved 1. pr. som fireårs: Rein 8-rekke + minimum ein 9-ar.

Ved 3. pr. + G. pr.: Som nå.

**5. Avteikn:** Har vore streng politikk på avteikn i mange år nå. Ser likevel ikkje at avteiknsforkomsten har gått ned og hingstar blir framleis godkjende med avteikn på kjønngorganet. Sslike avteikn kan genetisk sett jamnstellast med stjerne. Det er viktigare å ta vare på det genetiske mangfaldet enn å sjalte ut elles gode dyr pga. stjerne/avteikn på høvene. Ynskjer difor at også hingstar skal kunna godtakast for avl sjølv med stjerne/avteikn på høvene. Genetisk variasjon betyr meir enn nokon gong i ein minkande populasjon!

**6. Import av sæd:** Ynskejr same regelverk som ved import av levande dyr (dvs. minimum 5 kjende fjordhestgenerasjonar) + at hingsten må vera godkjend for avl i eige heimland.

Hei.

Her er Midthordland Fjordhestlag sine svar på spørsmål i forbindelse med revidering av avlsplan.

1) Vektinga er fin som den er Vi kan ikkje sjå korleis vi heller vil ha den.

2) Bruksprøvene er tilfredstillande slik dei er. Ein kan ikkje få vekk all miljøpåverknad uansett. Miljøpåverknaden vil vere den samme om ein har poengskala og skiller på hestane gjennom poeng eller om ein har godkjent/ikkje godkjent. Ellers meiner vi bestemt at ein bør halde fram med kjøreprøver på både hingster og hopper. Uten eit krav om kjøreprøver vil ein få mindre innkjørte fjordhester, som ikkje gagnar rasen.

3) Travprøve på 3 åringer har ingenting for seg. Trav får dei vist på kjøreprøven i bruk, samt i mønstring og lausmønstring. Ein treng ikkje sjå kor fort ein 3 åring kan trave for å teste ut bruksegenskapene.

4) Det er vanskelig å komme med konkrete kriterier for dei forskjellige premiegradene, syns ikkje det trengjer å vere eit bestemt tall på det. Er hesten god nok feks for ekstrasløyfe så er den god nok for det, men det bør jo vere eit visst nivå på hesten.

5) Vi meiner at i utgangspunktet skal ein ikkje ha andre avteikn enn dei primitive avteikna på fjordhest. Med unntak av kvite striper i høvene, då dette har vist seg på fleire farger, og brunblakk, og har blitt sett at det kan komme på hester i vaksen alder, derfor vil ikkje vi anse det som eit avteikn.

6) Vi kan ikkje sjå for oss at det blir mange som vil benytte seg av det om ein åpner for import av sæd fra utenlandske hingster. Nokon vil det vel vere, men vi er svært usikre på om det vil bli eit stort problem. Men det kan vere greit å ha ein viss kontroll på det så det ikkje blir eit stort problem at ingen bruker norske hingster, men bare importert sæd.

Mvh Kjersti A. Botnevik  
for Midthordland Fjordhestlag

Til NFLs arbeidsgruppe,

hei!

Har diverre problem med internett på datamaskinen som har Word, skriv difor direkte inn på mailen.

Helsing Åse Ravndal

INNSPEL FRÅ ROGALAND FJORDHESTLAG,  
ANG. REVISJON AV AVLSPLANEN FOR FJORDHEST

1. Som i dag.

2. Me meiner bruksprøvene er bra som dei er,, men ynskjer leggja til lausmønstring/longering på hopper, slik at galoppen blir synt. Fjordhesten er pr. i dag primært ride- og køyrehest og galoppen bør vektleggjast. Positivt om alle hoppeklassar på utstilling hadde valfri rideprøve i tillegg tilobligatorisk køyreprøve, dei kunne då ha synt galopp under ryttaar.

Bruksprøvene fortel lite om arv og meir om miljø. Bra miljøtrening hest vil klart gjera det godt på bruksprøver. Fokus Unghest kan vera eit moment her, då mange unghestar får god miljøtrening når dei deltek og det kan så bli lettare å luke ut hest med dårleg lynne på det grunnlaget.

Forspenning, køyreprøva: Trekk to poeng for forspenning.

Talkaraktrane på bruksprøvene vil me behalda, gulerot for mange om å trene litt ekstra i forkant.

3. Heller travprøve som moment for fireåringane under bruksprøvene, dei er meir klare for dette enn treåringane.

4. Sløyfer i dag- ok.

Ekstrasløyfer - minimum 8 i heilheit.

3. pr. og G. pr. som nå.

2. pr. som nå.

1. pr. som nå.

Men:

\* Hopper får pr. i dag 1. pr. utan nokon gong å syne galoppen sin.

\* For å setja ned ein hest i premiegrad må det vera VESENTLEGE feil på hesten!

5. Streng avteiknspolitik som i dag er ikkje positivt for det genetiske mangfaldet, dagens reglar gjer at ein risikerar å miste gode dyr både eksteriør- og stammemessig. Ynskjer mildare dømning av avteikn, der stjerne er lov på både merrer og hingstar. Bles bør diskvalifisere. Ynskjer og avteikn på rød- og gulblakke hestars høver godkjente, så lenge ikkje over kronranda, sjølv med usymmetri.

Hingstar fins i dagens avl med avteikn på kjønnsorgan og det er like ille som "flekk i panna". Flotte hingstar kastrerast pga små avteikn og dyr blir slakta av same årsak. Dette har ikke rasen vår råd til i dag, og me ynskjer difor at avteiknspolitikken blir mindre rigid.

6. Impor av sædt: Hingst som nyttast skal vera kára i heimlandet og ha minimum 5 enerasjonar dokumentert fjordheststamme.

# Revidering av avlsplan for fjordhest

---

## Innspel frå Møre og Romsdal fjordhestlag

1. Vekting av eigenskapar i avlsmål.  
Vekte brukseigenskapar meir når hestane blir eldre. Mindre vekt på brukseigenskapar på 3 åringar, miljø har mykje å sei for kor langt dei er komne.
2. Bruksprøva skal bestå, men bør gjerast lettare for treåringar. Karakterordninga bør bestå. For treårige hingstar burde stopp i ned/oppoverbakke fjernast slik utstillingsplassen er i dag. Rygging burde takast innatt i kjøreprøva.  
  
Utvida bruksprøve: Hardt program for 4 åringane på to dagar. Kan noko kuttast ut?
3. Ueinigheit i laget om dette. Dersom det blir aktuelt å ta dette inn att, kan det enten vere frivillig, eller leggest inn som eit moment i sjølve kjøreprøva?
4. Dommarane må dømme etter avlsplanen, ikkje etter kva dei sjølv likar.  
Graden godkjent kan fjernast.  
Ekstrasløyfe bør standardiserast. T.d. 40. poeng. Kun ein einskild karakter kan være under 8, og ikkje lavare enn 7. Rasetype/preg kan ikkje vere under 8.
5. Det er ynskjeleg at fjordhesten skal vere utan avteikn. Dette gjeld både i hovudet og elles, på hingstane må «utstyret» sjekkast når det er ute på lufting. ☺ Det er ikkje gjennomførbart å stramme inn dette heilt slik situasjonen er no, men ein kan t.d. lempe på kravet i ein overgangsperiode for hopper.
6. Minimum same status som godkjente hingstar i Norge.

### Andre innspel:

- Stjerne/lita stjerne – det same må skrivast over alt i avlsplanen. I dag står det ei stjerne kan godtakast på hopper i sjølve avlsplanen, men ser ein på vedlegget om fargar står det ei lita stjerne. Kva er det?
- Dommarar og dømning: Tekst og tal på dømmeskjema må henge saman. Døme: Bra – 7, god – 8 osv. Mykje ulikt å sjå på utstillingar rundt om.

## Revisjon av avlsplan for fjordhest

### – Uttale frå Naustdal og Vevring fjordhestlag

Vi i Naustdal og Vevring fjordhestlag har drøfta avlsplana for fjordhest, og dei punkta arbeidsgruppa ynskte tilbakemelding om, på styremøte den 8. februar 2016 og på årsmøte den 17. februar 2016. Her kjem innspela våre:

- **Vekting av eigenskapar i avlsmålet:** Vi meiner at eksteriør bør telje absolutt mest, medan bruksprøver og lynne bør telje lite. Desse eigenskapane viser svært låg arvegrad, og det vi ser det heller ikkje som noko problem eller nokon utfordring for fjordhesten at han har eit dårleg lynne eller ikkje kan brukast. Lynne og brukseigenskapar vert sterkt påverka av miljø, og det er dermed svært usikkert om det har noko føre seg å legge vekt på dette når ein vel ut avlsdyr. Ein kan ikkje vente nokon framgang eller endring av desse eigenskapane når arvegraden er såpass låg som den er. Når det gjeld eksteriør er det viktig at det er samsvar mellom beskriving og karakterar. Rasetype og preg må vektleggast i større grad enn i dag, det er trass alt dette som gjer at ein kan skilje ein fjordhest frå andre hesterasar. Også kjønnspeg må vektleggast meir. Bruksprøver og lynne kan vere godkjent/ikkje godkjent, og lynne kan eventuelt takast med under heilskap. Det er fyrst og fremst eksteriøret til hesten som er arveleg, og som bør telje mest under dømminga. Rørsler bør dømmast på ein annan måte, no vert det sett på veldig mange ulike plassar (under mønstring, lausmønstring, bruksprøve osv.), og det er ofte lite samsvar mellom dei ulike rørslekarakterane. Ein må vurdere korleis ein skal dømme rørsler slik at det blir meir korrekt, og gir eit meir reelt bilete av hesten sine rørsler.
- **Bruksprøver:** Det er viktig at bruksprøvene er så enkle som mogleg, slik at ikkje folk kvir seg for å stille hest fordi dei skal igjennom krevjande prøver. For fjordhesten er det av det beste om så mange dyr som mogleg møter til bedømming og vurdering. Sidan bruksprøvene fyrst og fremst handlar om miljø og trening, og veldig lite om arv, meiner vi at det beste vil vere om desse vert vurdert med godkjent/ikkje godkjent. Ein kan godt gi hestane poeng som i dag, for å halde på konkurransemomentet, men prøvene bør ikkje ha nokon innflytelse på premiegrad eller kvalitetsrekkefylgje. Ein bør altså ikkje ha nokon karakter (som tel i samandraget) på bruksprøvene, berre godkjent/ikkje godkjent. Det er også viktig at eksteriørdømmarane ser rørslene i bruksprøvene og brukar dei i vurderinga si. Det er her vi får sett rørslene slik dei er når hesten er i bruk, og dette betyr mykje.
- **Travprøva:** Vi drøfta travprøva, og konkluderte med at vi ser både positive og negative sider ved å innføre denne att. Travprøva er ein svært god måte å få sjå framdrift og arbeidsvilje i hesten, og her får vi også verkeleg sett korleis den beveger seg når den kjem opp i litt fart. I tillegg er travprøva noko som vert sakna hos mange tilskodarar, og noko som også kanskje kan føre til at nokre får auga opp for fleire bruksområde (ponnitrav). Kanskje kan ein også rekruttere fleire gutar til miljøet med litt «fart og spenning»? Ein får sett veldig mykje viktig gjennom travprøva, og nokre meiner at rørslene i fjordhesten kan ha blitt dårlegare etter at travprøva forsvann. Kanskje treng ein ikkje ha tidskrav, men det å få sjå hesten strekke ut rundt bana i trav vil vere positivt for vurderinga av rørsler, framdrift og arbeidsvilje. Ein vil sjå kva som bur i hesten.



Samtidig ser vi at det å innføre travprøva att *kan* føre til at færre stillar hest. Nokre utstillarar vil sjå på det å skulle køyre trav rundt bana som noko vanskeleg og skummelt, og då vil det kanskje gjere at dei ikkje møter. Travprøva kan dermed seiast å vere positiv, og noko vi gjerne vil ha tilbake, men ikkje viss det fører til mindre utval ved at nokon let vere å møte. Kanskje kan ein ha det valfritt: *køyreprøve eller travprøve*, eller ein kan ha travprøve for fireåringane? Lausmønstring gir lite informasjon om takt og balanse, så det er viktig å sjå hesten i bruk. Som vi alt har nemnd, er det viktig med enkle prøver, som gjer at flest mogleg møter på utstilling. Kanskje ei enkel køyreprøve for treåringar, og ei enkel rideprøve + eventuelt travprøve for fireåringar ville vore det beste? Sidan bruksprøvene fortel så lite om arv, bør bruksprøvene uansett berre nyttast til å vise at hesten kan spennast føre ei vogn og køyrast med, og at den kan ridast på. Fjordhesten skal ikkje vere nokon spesialrase, men ein allsidig hest med mange ulike bruksområde. Det er dermed ikkje behov for å vise anna enn at den er køyrbar og ridbar. Elles kan som nemnt bruksprøver vere med på å seie noko om arbeidsvilje, framdrift og rørsler.

- **Kriterier for premiegradar:** Vi drøfta ikkje spesifikke karakterkrav, men vi var einige om at det bør vere strengare krav enn no for å få fyrstepremie, både på hingstar og marar. Dei siste åra synest vi at veldig mange hestar har fått kvit sløyfe. Denne bør henge svært høgt, og berre delast ut til heilt spesielle dyr, som verkeleg utmerker seg. Det kan også godt vere strengare krav til kven som skal stå i kvalitet, og elles er det viktig at heile karakterskalaen vert brukt. Under dette punktet snakka vi også om at det er viktig at avlsplana og det som står i den vert fylgd i praksis. Avlarar og utstillarar må vite kva dei har å halde seg til. Det er også viktig med stabilitet i dømminga. Dommarane må fylgje og dømme etter avlsplana for fjordhest. Forholdet mellom premiegradane må stemme, kanskje er ein litt for «snill» med premiane i dag? Når det gjeld sløyfene, kan ein godt vere litt strengare med dei også, spesielt når det gjeld hingstane. Ein toårshingst bør ikkje få sløyfe viss dommarane ser så store feil at dei er rimeleg sikre på at hesten ikkje kjem til å bli kåra på Eid. Vi var også inne på det med kåring av treårshingstar. Kanskje bør det kårast fleire hingstar? Spesielt gjeld dette viss dei har ein eller fleire svært gode eller viktige eigenskapar (til dømes interessant stamme, god rasetype, godt preg el.). I slike tilfelle bør ein kanskje kunne sjå vekk frå andre småfeil, og la hestane få prøve seg i avlen for ein periode. Det gjer neppe nokon skade om fleire treåringar får nokre avkom, og det er viktig å spreie avlen på mange hestar og linjer.
